



sparebankstiftinga
sogn og fjordane



ÅRSMELDING 2013

INNHOLD

- 3** Om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
- 4** Sparebankstiftinga sine styrande organ
- 5** Styring og kontroll med stiftinga si verksemrd
- 6** Årsmelding for 2013
- 9** Årsrekneskap 2013
- 11** Notar til rekneskapen 2013
- 20** Revisjonsmelding 2013
- 21** Gåver til allmennyttige føremål

Verdiskapning for mangfold,
trivsel og utvikling

www.sparebankstiftinga.no

GRAFISK UTFORMING:
Sparebanken Sogn og Fjordane /
E. Natvik Prenteverk AS

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Sidan 1820-åra har sparebankane vore ein viktig føresetnad for utviklinga i landet vårt. At ein hadde ein lokal sparebank vart jamvel eit symbol på framgang i seg sjølv. På midten av førre århundret hadde ein dermed over 600 av dei her i landet: lokalt eigde sparebankar kor ein kunne få kapital til å investere i eigen velstand på gode vilkår. Overskotet i banken vart pløygd tilbake som allmennytige gåver til det lokalsamfunnet som hadde skapt verdiane.

Sjølv om organiseringa har endra seg i løpet av desse snart 200 åra, er grunntanken og filosofien den same. 23 lokale sparebankar har etter kvart blitt til Sparebanken Sogn og Fjordane, som syt for bankdrifta. Overskotet går til eigarane Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane (94,12% eigardel) og Sparebankstiftinga Fjaler (5,88%).

Vi sikrar eit stabilt og forsvarleg lokalt eigarskap, og forvaltar tradisjonane med å gje overskotet attende til samfunnet som har skapt det.

VERDIANE VÅRE

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vel å «investere» banken sitt overskot i tre kjerneverdiar: Midlane skal bidra til **trivsel, mangfald** og **utvikling** i Sogn og Fjordane. Difor leitar vi etter tiltak som kan glede mange menneske over tid. Dette kan vere innanfor kunst og kultur, idrett, miljø og klima eller utvikling av nærmiljø - det viktigaste for oss er at gåvene frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane utløyser aktivitet, entusiasme og engasjement i fylket vårt.

2013 – ANDRE ORDINÆRE DRIFTSÅR

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart etablert i 2010, og delte ut sine første gåver i 2011. Dette vart gjort gjennom to søknadsrundar; ein på våren og ein på hausten. Allereie første året fekk vi inn 907 søknadar på til saman over 58 millionar kroner frå heile fylket. I 2012 auka både omsøkt sum og talet på søknadar til 1135 søknadar om til saman over 105 millionar kroner i løpet av året. Stiftinga valde elles å supplere dei to ordinære søknadsrundane med ein fortløpende søknadsordning som vi kalla «forenkla søknad». Her kunne ein søkje om inntil 10.000 kroner og få svar innan 4 veker. Ordningsa vart raskt populær, og 50,6% av søknadane var i denne kategorien i 2012. Denne

fordelinga har halde seg stabil også i 2013; medan volumet er redusert til 687 søknadar om ca 71 millionar .

Året 2013 søkte Kjell Sandnes om og fekk innvilga permisjon frå stillinga som direktør i 18 månadar. Kultursjef Pål Fidjestøl er i mellomtida konstituert som direktør, utan at administrasjonen vart ytterlegare supplert i perioden. Ei hovudutfordring har dermed vore å oppretthalde stiftinga sitt aktivitetsnivå utan at den reduserte administrative kapasiteten påverka stiftinga sitt samfunnsoppdrag.

Stiftinga har i 2013 hatt fortsatt fokus på openheit, og har klart å oppretthalde si satsing på informasjonsarbeid. Sjølv om stiftinga si eiga kursverksemد vart betydeleg redusert, har kurs-tilbodet blitt opprettholdt gjennom deltaking på seminar og konferansar i andre organisasjoner sin regi. Og samarbeidet med lokale og regionale medier har jamvel blitt styrka gjennom året.

Stiftinga har også hatt stor fokus på kostnadskontroll i 2013. Både lønns- og driftskostnadene har dermed blitt betydeleg redusert. Styret er også redusert frå 7 til 5 styremedlemer. Medan gave-midlane har blitt auka med om lag 3,5 millionar i 2013.

Sparebankstiftinga har også styrka satsinga på eigne allmennytige prosjekt i 2013, både gjennom å vidareføre «Årets Kultur-idé», Furorestipendet, «Årets Gründeridé» og Eldsjelsamlinga, under det nye namnet «Opptur» - og ved å vidareutvikle prosjektet «Barnegåva» til å bli ei fylkesdekkande fleirårig satsing på klatreparkar. Stiftinga har også vidareført satsinga på Subsea-ingeniørstudiet i Florø, samt gitt ei milliongåve til ny elkraft-lab i Førde for å styrke utdanningstilbodet innan elkraft og fornybar energi.

Sparebankstiftinga sine styrande organ

Generalforsamlinga er stiftinga sitt høgaste organ og skal ha 12 medlemer og 4 varamedlemer. Samansettinga skal spegle kundestrukturen i Sparebanken Sogn og Fjordane som skipa stiftinga, andre interessegrupper og samfunnsmessige interesser knytt til Sparebankstiftinga si verksemd. Medlemene skal veljast av og mellom innskytarar med bustadadresse Sogn og Fjordane, og som dei siste seks månader før kunngjeringa av valet har hatt innskot over 500 kroner i Sparebanken Sogn og Fjordane. Medlemene blir valde for 4 år, medan varamedlemene blir valde for eitt år om gongen.

Sparebankstiftinga gjennomførte 10.-12. mars 2013 innskytarval på 3 ordinære medlemer og 4 varamedlemer, ved at kundane stemde elektronisk.

Den årlege ordinære generalforsamlinga fastset dei økonomiske rammene for gåvetildeling etter framlegg frå styret. I tillegg skal generalforsamlinga godkjenne stiftinga sitt årsoppgjer og føre tilsyn med stiftinga si verksemd, fastsette godtgjersle til styret, føreta val av revisor og fastsette revisor si godtgjersle.

Styret skal ha 3-8 medlemer og 2 varamedlemer. Styret si samansetting skal reflektere samansettinga av dei grupper som har stemmerett på generalforsamlinga.

Styret skal sjå til at stiftinga sine midlar blir forvalta i samsvar med stiftinga sitt føremål og at verksemda er i samsvar med gjeldande lover, reglar og vedtekter. Styret skal også syte for utdelinga av gåver innanfor dei rammer som generalforsamlinga har bestemt.

GENERALFORSAMLING:

Medlemer

Jon Gimmestad, Sandane (leiar)
Bente Nesse, Vadheim (nestleiar)
Tom Joensen, Davik
Myrtel Janne Thomassen, Stryn
Tore Dvergsdal, Førde
Anne Margrethe Øvsthus, Førde
Arne Klausen, Holmedal
Jarl Tyssekvam, Sande
Gro Rukan, Eikefjord
Inger Birgitte Flatjord Kjøsnes, Skei
Agnes Landstad, Leikanger
Per Hillern, Sogndal

Varamedlemer

Britt Tjønneland, Førde
Viggo Leikanger, Naustdal
Dag Rune Mallasvik, Naustdal
Jon Rune Heimlid, Stryn

STYRET:

Medlemer

Kjartan Strand, Florø (styreleiar)
Aslaug Nesje Bjørlo, Sandane (nestleiar)
Tore Jakob Madsen, Florø
Lise Mari Haugen, Askvoll
Bjørn Vollstad, Førde

Varamedlemer

Laila Vilnes Helgheim, Førde
Åge Engeseter, Sogndal

ADMINISTRASJON:

Kst. direktør Pål Fidjestøl

Styring og kontroll med stiftinga si verksemd

STRATEGI, RUTINAR OG KONTROLL

Som langsiktig og dominerande eigar av eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane forvaltar Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane store verdiar. Gjennom dette og ansvaret for utdeling av gåver til allmennyttige formål utfører vi også eit stort samfunnsansvar. For å sikre eit godt omdømme har styret vedtatt styringsprinsipp som skal gi samfunnet, styresmakter og styrande organ tryggheit for at stiftinga sine formål blir innfridd og at verdiane i stiftinga blir sikra for framtida.

Styret har utarbeidd ein forvalningsstrategi som skal sikre at stiftinga sine verdiar blir forvalta på ein sikker og god måte, og at verdiane ikkje vert eksponerte for uventa hendingar. Det er også utarbeidd ein samhandlings- og eigarstrategi, som skal sikre at stiftinga kan oppfylle målet om eit tilfredsstillande utbytte og god verdiauke på eigenkapitalbevisa.

Ansvarsfordeling mellom styret og administrasjon og reglar for rapportering til styret er fastsett gjennom instruks for styret og dagleg leiar, prinsipp for styring og kontroll og rutine for risikostyring. I tillegg er det utarbeidd rutine for tenestekjøp, rutine for rekneskapsføring og rutine for gåvetildeling. Etterleving av desse rutinane er rapportert til styret saman med vurdering av internkontrollen. Det er sett i verk tiltak for forbetringar på område der det er påvist behov. Risikosituasjonen blir rapportert til styret periodisk.

OPENHEIT

Informasjon til banken og stiftinga sine interessegrupper om styrande organ, prosess for gåvetildeling og framtidige investeringar er viktige element i god styring av verksemda. Stiftinga har difor oppretta eigen nettportal der informasjon om styrande organ, vedtekter, strategi, etiske retningslinjer, søknadsskjema for gåver, søknadsfristar og opplysningar om kva for søkerar som blir prioritert/ikkje prioritert blir lagt ut.

Liste over tildelte gåver er lagt ut på stiftinga sine heimesider. Etter kvart som det blir aktuelt vil også opplysningar om stiftinga sin investeringsportefølje bli lagt ut.

FORVALTNING

I forvaltning av stiftinga sine verdiar skal det takast utgangspunkt i at stiftinga skal kunne delta i framtidige kapitalutvidingar i Sparebanken Sogn og Fjordane og sikre stabil drift med gåveutdeling. Stiftinga skal ha evigvarande drift som utgangspunkt for si kapitalforvaltning og skal ikkje investere i høgrisikoprodukt som derivat, strukturerte produkt, valuta, terminforretningar og enkeltaksjar. Det skal også visast stor grad av aktsemd for å unngå investeringar som utgjer ein uakseptabel risiko for medverknad til uetiske handlingar, krenking av menneske og arbeids-takarrettar, korruption og miljø-øydeleggingar.

ETISKE RETNINGSLINJER

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er avhengig av full tillit frå alle interessegrupper; søkerar av gåvemidlar, styresmakter, leverandørar og andre forretningssamband, tilsette og frå folk flest. Det må ikkje vere tvil om tillitsvalde og tilsette sin profesjonalitet og integritet.

Det er difor utarbeidd etiske reglar som inneholder generelle prinsipp for aktsemd ved utøving av arbeid eller verv for stiftinga. Reglane gjeld for medlemer i styrande organ og alle tilsette.

Årsmelding 2013

BAKGRUNN OG FORMÅL

Kapitalen til Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane kjem frå den kapitalen som er bygd opp gjennom bankverksemda i Sparebanken Sogn og Fjordane fram til 1. september 2010. Ved etableringa 1. september vart stiftinga tilført 17 835 000 eigenkapitalbevis notert til ein verdi lik pålydande kr 100. Dette betyr at stiftinga har eigenkapitalbevis til ein verdi av kr 1 783 500 000. Dette utgjorde også stiftinga sin eigenkapital ved skipingstidspunktet.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har som føremål å

- stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap i Sparebanken Sogn og Fjordane og støtte opp om Sparebanken Sogn og Fjordane si vidareføring av sparebanktradisjonar.
- forvalte eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane som stiftinga vart tilført ved skipinga
- vidareføre sparebanktradisjonane ved mellom anna å gje deler av overskotet til allmennyttige formål

EIGARSKAP I SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE

Sparebankstiftinga eigde ved utgangen av året 17 835 000 eigenkapitalbevis til ein bokført verdi på kr 1 783 500 000. Dette tilsvarar ein eigarandel på 94,12 % medan Sparebankstiftinga Fjaler eig 5,88 % av eigenkapitalbevisa. Eigarforholda er uendra frå i fjar.

Styret vedtok i desember 2013 ein strategiplan som gjeld for perioden 2014 – 2016.

Stiftinga sin eigarstrategi er å vere ein langsiktig og stabil eigar i Sparebanken Sogn og Fjordane. Det er ikkje vedtektsfesta nokon fast eigarandelsprosent, men styret i stiftinga

har gjennom fastsetting av stiftinga sin finansstrategi sett som mål å ha ein eigarandel på minimum 67 %. Gjennom stiftinga sin finansstrategi har styret bestemt at deler av overskotet skal settast av til ein reserve til å kjøpe eigenkapitalbevis i framtidige kapitalutvidingar i Sparebanken Sogn og Fjordane. I tillegg til ein slik reserve skal det også settast av likvide midlar tilsvarande tre års normal drift og gåvetildeling.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er med sin dominerande eigarandel i Sparebanken Sogn og Fjordane banken sin viktigaste kjelde til eigenkapital i vanskelege tider. Samtidig er utbytte frå banken stiftinga si viktigaste inntektskjelde. Med dette som utgangspunkt vil styre og administrasjon arbeide for eit godt samarbeid som bidrar til verdiskaping både for bank og stifting. Stiftinga vil aktivt söke posisjonar i banken sine styrande organ og er i dag representert i både forstandarskap og valnemnd.

I konkrete saker vil stiftinga, med utgangspunkt i eigne vedtekter, støtte tiltak som gir eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane god og stabil verdiutvikling og høg direkteavkastning i form av utbytte. Følgjande hovudprinsipp vil vere førande for oppfølging av stiftinga sitt eigarskap i Sparebanken Sogn og Fjordane:

- Banken skal drive si verksemd i tråd med norske sparebanktradisjonar og verdiar
- Banken skal ha hovudkontoret i Sogn og Fjordane
- Banken skal ha ein moderat risikoprofil og god balanse mellom bedrifts- og personmarknad
- Banken sine tenester skal vere distribuert på ein god og effektiv måte.

FORVALTNINGSSTRATEGI

Eigedelane i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane består av

- Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane (1 783 000 bevis)
- Likvide midlar
- Fordringar

Styret vedtok i februar 2011 ein forvaltningsstrategi der det er bestemt at det skal settast av reserve til framtidige kapitalutvidingar i Sparebanken Sogn og Fjordane. I tillegg skal det settast av reserve tilsvarende tre års drift og gåvetildelingar for å sikre kontinuitet i gåvearbeidet. Begge reservane skal vere plassert i aktiva med låg risikoprofil (bankinnskot/rentefond).

Stiftinga har fått tilsagn om utbyte for året 2013 frå Sparebanken Sogn og Fjordane med 33 066 625 kroner. Beløpet er innteksført i resultatrekneskapen og ført som fordring i balansen. Utbyte vil bli vedteke av banken sin forstandarskap 13. mars 2014 og utbetalta i april 2014.

GÅVER TIL ALLMENNYTTIGE FORMÅL

Gjennom strategiplanen har styret bestemt at inntil 50 % av årleg overskot i stiftinga skal nyttast til gaver til allmennyttige formål. Ønskjet er at kapitalen skal komme folk flest til gode og vere ei inspirasjonskjelde for enkeltmenneske, lag og organisasjoner til å realisere idear som støttar opp om dette. Dette kjem til uttrykk gjennom visjonen til stiftinga som er å vere *ei drivkraft for mangfold, trivsel og utvikling i Sogn og Fjordane* og gjennom stiftinga sine verdiar som er å vere *langsiktig, uavhengig og skapande*.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane lyste i 2013 ut to søknadsfristar for gåvetildeling; 1. mars og 1. september. Gåvene vart utbetalta om lag to månader etter kvar søknadsfrist. I tillegg har stiftinga gitt gaver under kr 10 000 løpende. Totalt vart det gjeve 12,3 millionar kroner i gaver i 2013. Av dette var 0,6 mill. kroner gaver som vart vedteke tildelt før inngangen av 2013 men utbetalta i 2013. 4,7 mill. kroner vart utdelt våren 2013 og 4,0 mill. kroner hausten 2013. I tillegg er 0,7 mill. kroner delt ut løpende gjennom året og 2,3 mill. kroner er utdelt gjennom eigne prosjekt.

Av dei 687 søknadane som kom inn til dei utlyste søknadsfristane i 2013, vart det søkt om til saman over 71 millionar kroner. Av desse fekk 252 søkerar til saman ca 9,4 millionar kroner. Snittutbetalinga vart såleis om lag 37 300 kroner per gave.

Styret sin gavestrategi er gjengitt på stiftinga sine heimesider www.sparebankstiftinga.no og i eigen artikkel i årsmeldinga saman med liste over utdelte gaver i 2013.

BALANSE

Stiftinga sin forvaltningskapital er ved årsskiftet på 1 843 674 000 kroner. I tillegg til eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane og fordring på forventa utbytte frå 2013, har stiftinga eit bankinnskot på 27 103 000 kroner.

RESULTAT OG DISPONERING AV OVERSKOT

Året 2013 er stiftinga sitt tredje heile driftsår. Hovudinntektsposten i rekneskapen er utbytte frå Sparebanken Sogn og Fjordane.

Styret i Sparebanken Sogn og Fjordane vedtok 25.02.14 å tilrå utbytte og gaver for 2013 på 40 millionar kroner. Dette er 5 millionar kroner meir enn utbytte som vart utbetalta med utgangspunkt i 2012-rekneskapen. Stiftinga sin del av dette utbytet er på 33 066 625 kroner og er ein auke på 4,0 millionar kroner. Med dette som utgangspunkt vil stiftinga innteksføre utbytte frå Sparebanken Sogn og Fjordane med 33 066 625 kroner i 2013.

Driftskostnadene for 2013 utgjer kr 2 857 488 og er i hovudsak knytt til dagleg drift av Sparebankstiftinga. Dette gir eit årsresultat på 30 931 494 kroner.

Overskotet frå 2013 blir foreslått disponert slik:

- Avsetning til gaver i 2014: kr 14 000 000
- Avsetning Gåvefond: kr 16 623 460
- Avsetning Annan eigenkapital: kr 308 034

Føresetnadar for fortsatt drift er tilstades.

STYRANDE ORGAN

Generalforsamlinga er stiftinga sitt høgaste organ og har 12 medlemer; 6 menn og 6 kvinner. Medlemmene blir valde mellom Sparebanken Sogn og Fjordane sine kundar og blir valde for 4 år. I mars 2013 vart det gjennomført val på tre ordinære medlemer og fire varamedlemmer. Kundane stemde elektronisk gjennom Sparebanken Sogn og Fjordane sin nettbank. I førekant av avstemminga kunne alle kundane foreslå kandidatar. 2 432 personar avgja stemme ved valet, noko som var nær ei dobling frå året før.

Styret har 5 medlemmer; 2 kvinner og 3 menn.

Styrande organ er nærmere gjort greie for i eigen artikkel i årsmeldinga og på Sparebankstiftinga sine heimesider

www.sparebankstiftinga.no

ADMINISTRASJON

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane leiger kontor i Sparebanken Sogn og Fjordane sine lokale i Førde. Stiftinga kjøper på forretningsmessig grunnlag tenester frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Dette omfattar i hovudsak rekneskapsføring, it-tenester, marknadsføringstenester og andre prosjektretta oppgåver.


Frå 1. desember 2011 vart det tilsett direktør og kultursjef i faste stillingar. I desember 2012 søkte direktør Kjell Sandnes permisjon frå stillinga i 18 månader, og fekk innvilga dette. Kultursjef Pål Fidjestøl vart konstituert som direktør for permisjonsperioden. Administrasjonen vart ikkje supplert i perioden.

Styret vil arbeide for at stiftinga skal ha eit godt arbeidsmiljø. I dette ligg å arbeide for eit likestillings- og likeverdsperspektiv og eit godt samarbeidsklima. Verksemda i stiftinga forureinar ikkje det ytre miljøet. Vilkår for vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen. Den framlagde rekneskapen gir ei korrekt framstilling av stiftinga si økonomiske stilling.

Førde 5. mars 2014
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane



Kjartan Strand
Styrelseiar



Aslaug N. Bjørlo
Nestleiar



Tore Jakob Madsen



Lise Mari Haugen



Pål Fidjestøl
(kst. direktør)

Resultat

TAL I TUSEN

DRIFTSKOSTNADAR	Note	2013	2012
Ordinær lønn, honorar og liknande	6,8	1 215	2 304
Øvrige personalkostnadar	6,7	123	376
Sum lønn og andre personalkostnadar		1 338	2 680
Andre driftskostnadar		1 519	1 686
Sum andre kostnadar	8,9	1 519	1 686
Sum driftskostnadar		2 857	4 366
DRIFTSRESULTAT		- 2 857	- 4 366
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADAR			
Finansinntekter		902	495
Utbytte	10	33 067	28 933
Finanskostnadar		- 180	- 2
Netto finansposter		33 789	29 427
ÅRSRESULTAT		30 931	25 060
Opplysningar om årsoppgjerdidisposisjonar:			
Avsette gåver		14 000	12 500
Overført til gavefond		16 623	3 500
Annan eigenkapital		308	9 060
Sum disponert		30 931	25 060

Balanse

TAL I TUSEN	Note	2013	2012
EIGENDELAR			
Anleggsmidlar			
Finansielle anleggsmidlar			
Investering i eigenkapitalbevis	2	1 783 500	1 783 500
Sum finansielle anleggsmidlar		1 783 500	1 783 500
Omløpsmidlar			
Fordringar	10	33 071	28 933
Sum fordringar		33 071	28 933
Bankinnskot, kontantar og liknande	4	27 103	12 651
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		27 103	12 651
Sum omløpsmidlar		60 174	41 585
SUM EIGENDELAR		1 843 674	1 825 085
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Grunnkapital	3	1 783 500	1 783 500
Sum innskoten eigenkapital		1 783 500	1 783 500
Opptent eigenkapital			
Opptent eigenkapital	1,3	16 372	16 239
Gåvefond	1,3	28 000	11 500
Sum oppent eigenkapital		44 372	27 739
Sum eigenkapital		1 827 872	1 811 239
Langsiktig gjeld			
Avsetning for forpliktingar	1,7,10	580	329
Sum langсiktig gjeld		580	329
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar		1	0
Skyldig skattetrekk m.m.	4	121	192
Leverandørgjeld		86	0
Annan kortsiktig gjeld		15 014	13 325
Sum kortsiktig gjeld	10	15 222	13 517
Sum gjeld		15 802	13 846
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		1 843 674	1 825 085

Førde 5. mars 2014
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Kjartan Strand
Styrelseiar

Aslaug Nesje Bjørlo
Nestleiar

Tore Jakob Madsen

Lise Mari Haugen

Pål Fidjestøl
(kst. direktør)

Notar

NOTE 1 REKNEKAPSPrINSIPP

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart stifta 17. august 2010 og er lokalisert i Førde. Grunnkapitalen i stiftinga vart etablert 1. september 2010 i samband med at Sparebanken Sogn og Fjordane vart omdanna til eigenkapitalbevisbank. Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med reknesapslova og god reknesaps-skikk.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfall til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet. Andre postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omløpsmidlar blir vurdert til lågaste verdi av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Eigenkapitalbevisa som Stiftinga eigi Sparebanken Sogn og Fjordane er bokført som anleggsmidlar ut frå at dei er bestemt til varig eige. Etter reknesapslova §5-3 skal anleggsmidlar vurderast til anskaffelseskost og nedskrivast til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er venta å vere forbigåande. I mangel på børsnotering av eigenkapitalbevisa er verdien vurdert ut frå tilgjengeleg informasjon basert på rekneskapstal. Ut frå gjennomført verdivurdering av banken sin marknadsverdi er konklusjonen at nedskriving ikkje er aktuelt pr. 31.12.13 og at verdien av stiftinga sine eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane blir sett lik anskaffelseskost.

Inntektsføring frå finansielle instrument

Inntekter frå finansielle instrument vert resultatført når det vesentlege av risiko og avkastning er overført. For utbytte inneber det normalt inntektsføring i utdelingsåret, med mindre det foreligg betydeleg sannsynlighetsovervekt for slik utdeling på balansedagen. Inntektsføring kan i dei tilfella skje i avsettingsåret. Stiftinga fekk i 2012 og 2013 ei klår tilsegn på utbytte frå Sparebanken Sogn og Fjordane, og er av den grunn teke til inntekt same år.

Skatt

Stiftinga er ikkje skattepliktig jfr. Skattelova sine reglar om skattefrie institusjonar.

Pensjonar

Stiftinga har ei yttingsbasert ordning. Økonomiske parameter lagt til grunn for utrekning av pensjonsansvar er oppdatert på balansedagen, herunder er diskonteringsrenta fastsett basert på marknadsrenter på balansedagen. Føresetnader gitt av Norsk Regnskapsstiftelse er lagt til grunn ved utrekning. Netto pensjonsansvar vert ført som «Avsetting for forpliktingar» i balansen. Netto pensjonsansvar vert utrekna som differansen mellom brutto pensjonsansvar, som er noverdien av estimert framtidig pensjonsyting og pensjonsmidlar i forsikringsfond eller pensjonspremiefond.

I 2013 er revidert standard IAS 19 Ytingar til tilsette implementert. Endringar som følgjer av IAS 19R påverkar reknesapsføring og presentasjon av yttingsbaserte pensjonsordningar. Endringane inneber mellom anna at det ikkje lenger er høve til å ha ein korridor ved reknesapsføring av estimatavvik. I staden skal estimatavvik førast i den enkelte reknesapsperiode.

I samsvar med revidert IAS 19 er pensjonskostnaden delt opp og kostnaden med pensjonsopptening og netto renteinntekter-/kostnad er resultatført på linja for «Lønnss- og personalkostnad». Verdiregulering som følgje av estimatavvik er ført mot opptent eigenkapital.

NOTE 2 EIGENKAPITALBEVIS I SPAREBANKEN SGN OG FJORDANE

Stiftinga har slik eigarandel i Sparebanken Sogn og Fjordane:

	Eigarandel	Tal eigen-kapitalbevis	Pålydande	Kostpris
TAL I 1000 KRONER				
Sparebanken Sogn og Fjordane	94,12 %	17 835 000	100	1 783 500 000

Iflg. vedtekten til Sparebanken Sogn og Fjordane er det fastsett at eigarandelskapitalen maksimalt kan ha 40% stemmerett i forstandarskapet. Det er dirfor ikkje aktuelt å utarbeide konsernrekneskap.

Investeringa i eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane er bokført som anleggsmiddel og er vurdert til kostpris. Dette m.a. ut frå tala i rekneskapen til Sparebanken Sogn og Fjordane som er slik:

Nøkkeltal frå Sparebanken Sogn og Fjordane kvartalsrapport 4. kvartal 2013 (konsern):

TAL I MILLION KRONER	2013	2012 Omarbeidd
Resultatrekneskap:		
Sum innrekna inntekter og kostnadar for perioden	347	334
Balanse		
Eigenkapitalbevis	1 895	1 895
Utjamningsfond	528	256
Sum eigarandelskapital	2 423	2 151
Grunnfond	336	298
Sum grunnfondskapital	336	298
Fond for urealiserte vinstar	99	85
Annan eigenkapital	123	95
Avsett til utbytte, gåver og konsernbidrag	40	78
Sum eigenkapital	3 021	2 708

NOTE 3 EIGENKAPITAL

TAL I TUSEN KRONER	Grunnkapital	Opptent eigenkapital	Gåvefond	Sum
Eigenkapital 31.12.2011	1 783 500	7 178	8 000	1 798 678
Resultat 2012	0	25 060	0	25 060
Avsatt til gåver 2013	0	- 12 500	0	- 12 500
Overføring til gavefond	0	- 3 500	3 500	0
Eigenkapital 31.12 2012	1 783 500	16 239	11 500	1 811 239
Eigenkapital 31.12.2012	1 783 500	16 239	11 500	1 811 239
Estimatavvik pensjon	0	- 174	- 123	- 298
Resultat 2013	0	30 931	0	30 931
Avsatt til gåver 2014	0	- 14 000	0	- 14 000
Overføring til gavefond	0	- 16 623	16 623	0
Eigenkapital 31.12 2013	1 783 500	16 372	28 000	1 827 872

NOTE 4 BANKINNSKOT

TAL I HEILE KR	2013	2012
Bundne skattetrekksmidlar	62 678	117 131

NOTE 5 GÅVEUTDELING

a) Gåver tildelt per søknad:

Lag	Tildelt sum	Lag	Tildelt sum
3 Florø FA sjø gruppe	32 500	Fjord O-vest 2014	100 000
4H Sogn og Fjordane	300 000	Fjæra Bluesklubb	30 000
Acta - barn og unge i Normisjon region		Fjærland Idrettslag	9 000
Sogn og Fjordane	3 000	Flatraket Idrettslag	50 000
ADHD Norge		Flora Cykleklubb	50 000
Sogn og Fjordane fylkeslag	5 000	Flora Hav- og fjellsportgruppe	20 000
AHIL Padlegruppe	5 000	Flora kommune, Flora vgs,	
Alt Lys På Solund (ALPS)	60 000	HiB avd Florø, Byen vår Florø	9 000
Annai Poopathi		Floraskulen Brassband	55 000
Tamilsk Kultursenter avd Florø	15 500	Florø Hornmusikk	50 000
Asheim Grendahus	4 000	Florø Kickboxinggruppe	6 000
Askesus Musikkklubb	100 000	Florø Seilforening	55 000
Askrova Bygdelag	9 000	Florø Skoles Musikkorps	50 000
Askvoll og Holmedal Idrettslag	60 000	Florø Taekwondoklubb	30 000
Askvoll Skjærgårdstreff 2013	7 000	Florø Turn & Idrettsforening, friidrett	70 000
Askvoll Ungdomsklubb	6 000	Folkehelsekoordinator Askvoll	
Atløy Idrettslag	40 000	i samarbeid med AHIL	5 000
Balestrand Musikklag	3 000	Folkemusikkfestivalen i Hornindal	30 000
Barekstad Hovdevåg Grendalag	9 800	Foreninga Lærdalsmarknaden	9 000
Barnas Turlag Hyllestad	10 000	Fres Festival	25 000
Botnane og Årebrot grendalag	10 000	Fresvik Bygdalag	50 000
Brak	413 000	Fresvik ungdomslag	25 000
Brandangersund Samfunnshus	57 000	Friskis og Svettis, Førde	9 000
Bratt Moro: Bratt Alvor	100 000	Fyrtårn av integrerer sogndal	18 000
Breidvik og Bålen bygdelag	20 000	Førde historielag	50 000
Breimsbygda Idrettslag		Førde Idrettslag	300 000
v/orienteringsgruppa	4 000	Førde IL Alpin	20 000
Brekke Bygdekvinnelag	3 000	Førde IL Friidrett	4 000
Bremanger Idrettslag	240 000	Førde IL Handball	170 000
Bremanger Skulemusikk	15 000	Førde IL Turn	25 000
Bryggja Idrettslag	30 000	Førde Kammerkor	35 000
Bygstad Skule- og hornmusikk	7 000	Førde Kulturskule	9 500
CISV Sogn og Fjordane	9 500	Førde Seniordans	2 000
Dale Ungdomslag		Førde Skulemusikkorps	25 000
(ungdomshuset Trudvang)	107 000	Førde Speidargruppe	15 000
Dale Ungdomslag Ungdomsteater	15 000	Førde Ungdomskorps	25 000
Danseproduksjonen Nøtteknekkeren	5 000	Førde Ungdomslag	9 000
Eid IL Handball	54 000	Førde United (FIL/Førde kommune)	9 999
Eidsfossen Sykkelklubb	30 000	Førde Volleyballklubb	75 000
Eikefjord Idrettslag	50 000	Gamblebanken Spelemannslag	5 000
Eikefjord IL Fotballgruppa	50 000	Gaularspelet	20 000
Eikefjord Skulemusikk	25 000	Gloppen Handballklubb	30 000
Eikefjord Ungdomslag	10 000	Gloppen Janitsjar	20 000
Eikås Ungdomslag	20 000	Gloppen Musikkfest	20 000
Farsund Vel	30 000	Gloppen Musikkforum	6 000
Farsund Vel m.fl.	4 000	Hardbagg IL	30 000
Feios Blandakor	6 000	Haugen Idrettslag	
Fjordane krets av		v/Klenkarberget Sommarramp	25 000
Det frivillige skyttarvesen DFS	150 000	Helgatun Grendahus	4 000
Fjordbrass Lavik	15 000	Holsen Bygdekvinnelag	2 000
Fjordklang	6 000	Hornindal IL	30 000

NOTE 5 GÅVEUTDELING

Lag	Tildelt sum	Lag	Tildelt sum
Hornindal Skisenter A/S	30 000	Nordfjord Taekwondoklubb	7 000
Hyen Skulekorps	20 000	Nordfjord Team Skiskyting	30 000
Hyllestad Frivilligsentral	30 000	Norsk Forbund for Utviklingshemma	6 000
Hyllestad Musikkråd	9 900	Norske Redningshunder	
Hyllestad Seniordans, Gygredansen	3 000	Sogn og Fjordane	35 000
Høyanger Skulemusikk	9 900	Norske redningshunder Sunnfjord lag	9 999
Indre Sunnfjord Turlag v/ Barnas Turlag		Olden Hornmusikk	15 000
Askvoll og Ung gruppa	30 000	Olden Idrettslag	100 000
Jeremias Folkemusikkforening	20 000	Olden Singers	1 000
Jomentum	5 000	Opplev Leikanger	6 000
Jordeplerock	25 000	Oppstryn Idrettslag	20 000
Jølster Friluftsforening	30 000	Oppstryn Ungdomslag	20 000
Jølster Idrettslag, volleyballgruppa	5 000	Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane	60 000
Jølster Jazzklubb	30 000	Prosjekt Sunnivaleia	9 999
Jølster KFUK-KFUM-speidrarar	20 000	«Full rulle med rullestolbil»	
Jølster Maraton	5 000	ved Eldrerådet Hornindal	50 000
Jølster Musikklag	49 900	Redningsselskapets	
Jølster Treningssenter SA	50 000	Sjøredningskorps Måløy	220 000
Kalvåg Skulemusikk	27 500	Risnehall a/l	50 000
Kaupanger Idrettslag	249 000	Sandane KFUK/KFUM speidrarar	1 000
Kaupanger Speidargruppe	30 000	Sandane Skulekorps	20 000
KIA-Førde	9 900	Sandane Turn og Idrettslag, fotballgruppa	9 900
Krabbefestivalen på Atløy v/Atløy Vel	9 000	Sande Blandakor	3 000
Krimfest Sunnfjord	9 500	Sauahuset Rockeverkstad	9 500
Kulturleiargruppa Nordfjord	30 000	Seljumannamessekomiteen	20 000
Kunst På Tvers	100 000	Senioruniversitetet i Førde	9 000
Kunstbygda Balestrand SUS	35 000	Skavøpoll Skulemusikkorps	10 000
Kyrkjebø Seniordans	3 000	Skei Miljøutvikling	250 000
Langeland Ski- og fritidssenter AS	300 000	Skrivarløa Ungdomshus	50 000
Lavik Idrettslag	134 000	Sogn og fjordane Døveforening, sterkt tunghørt/døvblittgruppa	2 000
Lavik Skulemusikk	20 000	Sogn og Fjordane Folkemusikklag	30 000
Leikanger kommune	25 000	Sogn og Fjordane Fotballkrets	59 000
Leikanger Mannskor/Palmerevyen	20 000	Sogn og Fjordane Husflidlag	25 000
Leikanger Skulemusikk	4 000	Sogn og Fjordane Idrettskrins	75 000
Lærdal IL, Fridrettsgruppa	25 000	sogn og Fjordane Indremisjon	9 000
Markane Idrettslag	59 000	Sogn og Fjordane Orienteringskrins	30 000
Miljøagentene i Sogn & Fjordane v/Linn Finjord	130 000	Sogn og Fjordane Røde Kors	400 000
Mjell Krins	40 000	Sogn og Fjordane Skikrins	100 000
Måløy Frisbee Club	40 000	Sogn og Fjordane Symjekrins	3 000
Måløy Idrettslag	100 000	Sogn og Fjordane Turlag	125 000
Måløy Seilforening	10 000	Sogn og Fjordane Ungdomslag	70 000
Mårenbiennalen	15 000	Sogndal og Leikanger	
Nattuglene i Sogndal	3 000	Revmatikarforeining	5 000
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	30 000	Solund Idrettslag	150 000
Naustdal Mållag	2 000	Solund Sokneråd	9 000
Naustdal Skulemusikk	30 000	Solund Ungdomslag	200 000
Nedre Sauesund Vel	7 500	Stadlandet Ungdomslag	30 000
NFU Førde lokallag	4 000	Stiftinga Den norske bokbyen	7 000
NFU Jølster lokallag	4 000	Stiftinga Gulen Fiskarbondemuseum	5 000
NHO Sogn og Fjordane vidareføring, språkopplæring for arbeidsinnvandrarar	250 000	Stiftinga Heradsheim	9 000
Nord Solund Vel	9 900	Stiftinga Norsk Country Treff	40 000

NOTE 5 GÅVEUTDELING

Lag	Tildelt sum	Lag	Tildelt sum
Stiftinga Nundalen	75 000	Torskangerpoll Musikklag	40 000
Stiftinga Utkant	30 000	Turngruppa, Eid Idrettslag	7 000
Stongfjorden Småbåtlag	9 000	Tusenårsstaden Gulatinget	50 000
Storehaugen Grannelag	5 000	Ung Tone	6 000
Storesundegruppa	9 900	Vadheim Skulemusikk	10 000
Stryn KFUK/KFUM speidrarar	6 000	Vereide Utviklingslag (i samarb. m/ Nordfjord FHS og Fjellhug/Vereide)	40 000
Studentsamfunnet i Førde	119 000	Veteran-NM i friidrett 2013	8 000
Støttegruppa for Havila og Paula	9 999	Vevring Grendelag	9 000
Stårheim IL skiskyting	25 000	Vikane Skulemusikk	50 000
Sunnfjord Golfklubb	36 000	Viksdalen idrettslag	9 900
Sunnfjord Kajakkklubb	6 000	Våge Kvinne og familielag	20 000
Sunnfjord Rock & Metal	3 000	Våge-Oppedal Bygdelag	6 000
Svelgen kino	9 000	Vårvon Ungdomslag	5 000
Svelgen Turn og Idrettsforening	100 000	Ytre Gulen Sanitettslag	5 000
Systrand damekor	10 000	Ytre Sogn og Sunnfjord Brassband	5 000
Sørstrand Folkepark	100 000	Ytre Sogn Turlag	20 000
Tambarskjelvar IL Bogeskyttargruppe	5 000	Øvre Årdal Janitsjarkorps	6 000
Taren ungdomsklubb	5 000	Åmot Operagard	50 000
Teaterfestivalen i Fjaler	9 000	Årdal og Helgheim grendelag	20 000
Temaparken v/Bulandet Ungdomslag	30 000	Årdalstangen IL og IL Jotun	9 500
Terskelfri Fysisk Aktivitet	9 000		

Gåver innvilga tidlegare, men utbetalt i 2013: 625 000

b) Eigen-initierte prosjekt:

Jubileumsprosjekt; samarbeid Sogn og Fjordane Idrettskrins - SoFT	150 000
«Opptur 2013» – inspirasjonssamling for eldsjeler i fylket (m/motivasjonsgåver)	40 000 *)
Furorestipend	300 000 *)
Årets Kultur-idé	110 000 *)
Årets Gründer	50 000 *)
Subsea ingeniør-utdanning Florø	466 667
Nynorsk-senter for avisjournalistar i Firda	500 000
Språkopplæring for arbeidsinnvandrarar	250 000
Involveringsprosjekt Sosiale medier/4H-klubar	52 000
Vinn ei oppleving i fylket: Gratisbillettar til kulturarrangement	59 639
«Matfylket»	0 *)
Klatreparkar («Barnegåva»)	250 000
Julegåver til lag & organisasjoner – involveringsprosjekt	48 000
	2 276 308

*) i tillegg ført som Arrangements- og aktivitetskostnad under driftskostnadar

Lag som har fått fleire gåver er i oversikta slått sammen.

NOTE 6 LØNSKOSTNADAR, GODTGJERSLE, TAL TILSETTE

TAL I HEILE KR

Lønskostnadar	2013	2012
Lønningar m.m.	1 076 052	1 816 422
Arbeidsgjevaravgift	138 564	245 069
Pensjonskostnadar	52 875	234 255
Anna	70 580	384 266
Sum	1 338 072	2 680 012
Tal årsverk	1	2
Tal tilsette pr. 31.12.	1	2

NOTE 7 PENSJONSKOSTNADAR

TAL I HEILE KR

Generelt

Sparebankstiftinga Sparebanken Sogn og Fjordane er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon, og pensjonsordningane oppfyller krava i denne lova. Sparebankstiftinga har følgjande pensjonsordningar:

1. Foretakspensjonsordning

Foretakspensjonsordning sikra gjennom forsikringsselskap. Pensjonsytinga omfattar alderspensjon, uførepensjon, ektefelle- og barnepensjon og supplerer yting frå Folketrygda. Full pensjon krev ei oppteningstid på 30 år og gir rett til alderspensjon på tilnærma 70 prosent av sluttlønn.

Ved avslutning av arbeidsforholdet før pensjonsalder blir det gitt rett til fripolise. Uføre- og etterlattepension for dei tilsette og etterlattepension for alderspensionistar er ei risikodekning utan kapitaloppbygging. Den årlige premien for risikodekninga inngår i pensjonskostnadene.

2. Avtalefesta førtidspensjon (AFP)

AFP inneber at den tilsette kan slutte med AFP ved fylte 62 år. Det er ikkje foretatt avsetning i balansen for AFP-ordninga. Den nye AFP-ordninga blir finansiert gjennom årlege premieinnbetalingar og blir innrekna i rekneskapen som ei innskotsordning.

Implementering av IAF 19 R Ytingar til tilsette

I 1. kvartal 2013 er revidert standard IAS 19 Ytingar til tilsette implementert. Endringar som følgjer av IAS 19R påverkar rekneskapsføring og presentasjon av yttingsbaserte pensjonsordningar. Endringane inneber mellom anna at det ikkje lenger er høve til å ha ein korridor ved rekneskapsføring av estimatavvik. I staden skal endring i estimatavvik rekneskapsførast i den einskilde rekneskapsperiode.

I følgje revidert IAS 19 skal pensjonskostnaden delast opp og kostnaden med pensjonsopptening og netto renteinntekter-/kostnad resultatførast under linja for lønn- og andre personalkostnadars. Verdiregulering som fører til estimatavvik skal rekneskapsførast direkte mot «Opptent eigenkapital».

I 2013 vart estimatavviket pr. 31.12.12 rekneskapsført. Egenkapital effekten ved overgang til IAS 19 R utgjer ein vinst på kr 8 758. Vinsten er uvesentleg og balansen for 2012 er ikkje omarbeidd.

I pensjonsnoten nedanfor er effekt av implementeringa vist på eiga linje for «Effekt EK ved overgang til IAS 19R pr. 1.1.13 vinst / (tap) » i kolonna for 2013 vedkommande balanse tall.

Økonomiske føresetnader, pensjonsforpliktelsen

	2013	2012
Diskonteringsrente	4,10 %	3,90 %
Forventa avkastning	4,10 %	4,00 %
Årleg forventa lønnsauke	3,75 %	3,50 %
Årleg forventa G-regulering	3,50 %	3,25 %
Årleg forventa regulering av pensjon under utbetaling	0,60 %	0,20 %
Amortiseringsfaktor (Forventa gjenståande tenestetid)	11,01	11,66
Arbeidsgjevaravgift - sats	10,60 %	10,60 %

Demografiske føresetnadar

Tabell for dødsrisiko	K2013 BE	K2005+10/15
Uføretariff	IRO2	IRO2
Frivillig avgang (alle aldersgrupper)	10,00 %	0,00 %

Spesifikasjon av netto pensjonskostnad i resultatrekneskapen

Servicekost og andre kostnadars / (inntekter)	2013	2012
Årets pensjonsopptening (Service Cost)	202 399	235 464
Renter på service cost	7 894	7 770
Arbeidsgjevaravgift «aga»	22 291	25 783
Service cost inkl. renter og aga	232 584	269 017
Administrasjonskostnadars	14 781	44 267
Arbeidsgjevaravgift «aga»	1 567	4 692
Administrasjonskostnadars inkl. aga	16 348	48 960

NOTE 7 PENSJONSKOSTNADAR, framhald

	2013	2012
Amortiseringar av implementeringar, planendringar, estimatavvik	0	0
Planendringar i perioden	0	0
Arbeidsgjevaravgift «aga»	0	0
Sum amortiseringar inkl. aga tap / (vinst)	0	0
Avkorting / Oppgjer på DBO	0	0
Oppgjer på pensjonsmidlar	0	0
Netto avkorting / oppgjer	0	0
Arbeidsgjevaravgift «aga»	0	0
Netto avkorting / oppgjer inkl. aga	0	0
Finanskostnad / (inntekt)	6 916	(40 769)
Rentekostnad / (inntekt) på netto forpliktingar	6 253	(36 861)
Rentekostnad / (inntekt) på pensjonsutbetalingar	0	0
Arbeidsgjevaravgift «aga»	663	(3 907)
Netto rentekostnadar (inntekter)	6 916	(40 769)
Fonds- og rentegarantikostnadar	0	0
Arbeidsgjevaravgift «aga»	0	0
Fonds- og rentegarantikostnadar inkl. aga	0	0
Andel pensjonskostnad vidarefakturert ism. permisjon	(183 869)	0
Periodens netto pensjonskostnad / (inntekt)	71 979	277 208
	2013	2012
Estimatavvik tap (vinst) - endring diskonteringsrente	(183 484)	0
Estimatavvik tap (vinst) - endring i dei andre økonomiske føresetnadane	264 645	0
Estimatavvik tap (vinst) - endring i dødeleighetstabell	199 294	0
Estimatavvik tap (vinst) - endring i andre demografiske føresetnadar	0	0
Estimatavvik tap (vinst) - Endring i andre tilhøve DBO	9 182	0
Estimatavvik tap (vinst) - Endring i andre tilhøve pensjonsmidlar	(36 772)	0
Fonds- og rentegaranti kostnadar	53 674	0
OCI tap (vinst) i perioden	306 539	0
Netto beløp rekneskapsført i balanserekneskapen inkl. arbeidsgjevaravgift (aga)		
Netto (pensjonsforpliktingar)/ midlar ved byrjing av perioden	(329 230)	(387 934)
Effekt EK ved overgang til IAS 19R per 1.1.2013 vinst / (tap)	8 758	0
Netto pensjonskostnad i perioden	(255 848)	(277 208)
Innbetalingar	302 625	324 013
Pensjonsutbetalingar over eiga drift	0	0
Estimatavvik (tap) / vinst	(306 539)	0
Øvrige rørsler i perioden	0	11 900
Netto (pensjonsforpliktingar)/ midlar ved slutten av perioden	(580 234)	(329 230)
Netto beløp rekneskapsført i balanserekneskapen eksklusiv arbeidsgjevaravgift (aga)		
Netto (pensjonsforpliktingar)/ midlar ved byrjing av perioden	(297 676)	(350 754)
Effekt EK ved overgang til IAS 19R per 1.1.2013 vinst / (tap)	7 918	0
Netto pensjonskostnad i perioden	(231 327)	(250 640)
Innbetalingar	273 621	292 959
Pensjonsutbetalingar over eiga drift	0	0
Estimatavvik (tap) / vinst	(277 160)	0
Øvrige rørsler i perioden	0	10 759
Netto (pensjonsforpliktingar)/ midlar ved slutten av perioden	(524 624)	(297 676)

NOTE 7 PENSJONSKOSTNADAR, framhald

Arbeidsgjeveravgift, netto beløp rekneskapsført i balanserekneskapen

	2013	2012
Netto (pensjonsforpliktingar)/ midlar ved byrjing av perioden	(31 554)	(37 180)
Effekt EK ved overgang til IAS 19R per 1.1.2013 vinst / (tap)	839	0
Netto pensjonskostnad i perioden	(24 521)	(26 568)
Innbetalingar	29 004	31 054
Pensjonsutbetalingar over eiga drift	0	0
Estimatavvik (tap) / vinst	(29 379)	0
Øvrige rørsler i perioden	0	1 141
Netto (pensjonsforpliktingar)/ midlar ved slutten av perioden	(55 610)	(31 554)

Prosentvis samansetting av pensjonsmidlar:

	31.12.2013	31.12.2012
Pensjonsavtalen er forsikra i portefølja til DNB Livsforsikring AS (Tal pr 31.12 er ikke klare og vi nyttar tal pr. 30.9. som beste estimat)		
Aksjar	6,80 %	9,20 %
Alternative investeringar	3,50 %	0,00 %
Omløpsobligasjonar	17,00 %	15,60 %
Pengemarknad	22,00 %	18,30 %
Anleggsobligasjonar	35,20 %	36,80 %
Eigedom	14,30 %	18,30 %
Anna	1,20 %	1,80 %
Sum	100,00 %	100,00 %

Tal personar omfatta av sikra pensjonsordning

	31.12.2013	31.12.2012
Aktive	2	2
Pensjonistar	0	0
Totalt	2	2

Gjennomsnittleg varighet yttingsbasert pensjonsforpliktning

Gjennomsnittleg varighet yttingsbasert pensjonsforpliktning er estimert til ca. 30 år.

Det er i 2013 tatt i bruk ein ny dødeleggjelighetstabell. Det er i den nye tabellen estimert at forventa levetid er auka samanlikna med tabellen som vart nyitta i 2012.

Implementernig av den nye dødeleggjelighetstabellen medførte at pensjonsforpliktinga auka med kr 199 294.

Forventa verknad av yttingsbasert pensjonsordning

Netto kostnad for den yttingsbasert pensjonsordning i 2014 er estimert til kr 306 380.

NOTE 8 YTINGAR/GODTGJERSLER TIL DAGLEG LEIAR, STYRET OG REVISOR

TAL I HEILE KR	Dagleg leiар	Styre	Generalfor- samling
Ytingar til leiande personar			
Lønn	706 490	292 161	78 004
Pensjonkostnadar	52 875	0	0
Annan godtgjersle	17 947	0	0
Sum	777 312	292 161	78 004

Leiande tilsette har ikkje avtale om bonus eller aksjebasert avlønning.
Det er ikkje ytt lån til medlemmar av styret eller til tilsette.

Godtgjersle til revisor

Det er i 2013 kostnadsført kr 48 125 (inkl. mva) i revisjonshonorar, alt vedkomande lovpålagt revisjon.

NOTE 9 DRIFTSKOSTNADAR

TAL I HEILE KR

Andre kostnadar	2013	2012
Aktivitets- og arrangementkostnadar vedkomande gâver	440 459	0
Konsulent- og bistandtenester frå SSF	426 385	843 888
Andre konsulent- og bistandtenester	85 220	74 104
Kontorkostnadar	111 364	193 704
Andre driftskostnadar	455 988	574 568
Sum andre driftskostnadar	1 519 416	1 686 265

NOTE 10 FORDRINGAR OG GJELD

TAL I HEILE KR

	2013	2012
Fordringar med forfall > 1 år	0	0
Langsiktig gjeld med forfall >5 år	580 234	329 230
Tilsegn om utbytte frå Sparebanken Sogn og Fjordane	33 066 625	28 933 364
Andre fordringar	3 657	0
Sum fordringar	33 070 282	28 933 364

Til generalforsamlinga i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Deloitte.

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, som består av balanse per 31. desember 2013, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoен, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilet i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meinинг om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneholder vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftinga si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilet. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meinинг om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilet av den finansielle stillinga til Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane per 31. desember 2013 og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga og bruk av overskotet

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram, samt framleget om bruk av overskotet, er i samsvar med lov og forskrifter og at opplysningane konsistente med årsrekneskapen.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om utdelinga og forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at stiftinga er forvalta og utdelingane er føretatt i samsvar med lov, stiftingas formål og vedtektenes elles.

Florø, 5. mars 2014
Deloitte AS

Rune Norstrand Olsen
statsautorisert revisor

Gåver til allmennytige føremål

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane skal vidareføre sparebanktradisjonane, mellom anna ved å gje gåver til allmennytige føremål. Gjennom gåvetildelingane skal vi gjere Sogn og Fjordane til ein rikare og betre plass å vere, gjennom å fremje verdiar som **mangfold, trivsel og utvikling**.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vidareførte i 2012 dei to søkerfristane frå 2011; 1. mars og 1. september. Gåvene vart utbetalt ca. to månader etter kvar søkerfrist. I tillegg vart den populære ordninga med «forenkla søker» med forløpende søkerfrist (og utbetaling) vidareført. Her kan ein søker om inntil 10.000 kroner og få svar på søkeren innan fire veker. Budsjettetrammene for «forenkla søker» vart òg kraftig utvida i 2013.

Av gåvemidlane vart ca 4,7 millionar delt ut på våren, og 4,0 millionar kroner i haustrunden. Ca. 0,7 mill. kroner vart delt ut forløpende til kategorien «forenkla søker», medan allmennytige prosjekt initiert av stiftinga sjølv representerte ein kostnad på kring 2,3 mill. kroner. Ca 0,6 mill. kroner var gåver som vart vedtekne tildelt før inngangen av 2013, men utbetalt i 2013.

Sparebankstiftinga har vidareført satsinga på breidddegåver til det mangfoldige organisasjonslivet i fylket, av di vi meiner desse utgjer grunnmuren i den allmennytige aktiviteten i fylket vårt. Det er dessutan eit mål at gåvene skal utløyse meir aktivitet, og at fleire engasjerer seg i og tek ansvar for at fylket vårt blir ein enda betre plass å bu. Ved å kanalisere stiftinga sine gåvemidlar gjennom organisasjonslivet, vert midlane multiplisert gjennom den frivillige innsatsen og den trivselen som organisasjonane genererer, noko vi meiner gir eit fornuftig og positivt samfunnsrekneskap.

Sparebankstiftinga delte ut gåver for til saman ca 12,3 millionar kroner i 2013. Av dei 687 søkerane stiftinga fekk inn i løpet av året, vart det søkt om til saman 71 695 754 kroner. 252 av desse søkerane fekk gåver frå stiftinga. Snitt-utbetalinga var om lag 37 300 kroner per gåve.

NOKRE AV GÅVENE I 2013

I note 5 til rekneskapen er ei oversikt over alle tiltak/organisasjonar som fekk gåver frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane i 2013. Men for å gje eit lite bilete på kva stiftinga ønskjer å utrette med gåvetildelingane, trekkjer vi fram nokre få dømer her:

Klatreparkar i heile fylket

Hausten 2012 sette Sparebankstiftinga i gong eit prosjekt i samarbeid med Førde kommune og avis Firda, kor ungar i Sunnfjord vart utfordra til å teikne forslag til forbeteringar av Førde sentrum som Sparebankstiftinga og Førde kommune så kunne samarbeide om å byggje.

Mange av dei hundrevis av teikningane Firda fekk inn var ulike variantar av element ein kunne klatre på, så resultatet vart ein «klatrejungel» i parken ved Festplassen i Førde sentrum. Allereie før klatrejungelen vart opna, var han den attraksjonen med flest vitjande ungar i Førde, og har vore like populær sidan.

I samband med at Sparebankstiftinga i haust delte ut gåve til ein ny klatrejungel i Jølster, lova stiftinga 250.000 kroner kvar til samlede kommunar i fylket som ønskede tilsvarende klatrejungel. Og ved utgangen av året hadde heile 18 av kommunane meldt at dei også ønskete ein klatrejungel! Sparebankstiftinga voner dermed å bidra til at det vert bygd 6 klatreparkar i året frå og med 2014.



Femte runde Furore

Furorestipendet er einaste unnatak frå Sparebankstiftinga sin eigen regel om å ikkje gi personlege gåver. Ungdom frå fylket i alderen 15–30 år kan söke Furorestipend for å utvikle sitt framifrå talent innanfor kultur, idrett eller open klasse. Furorestipendet kan variere i storleik frå 10.000 til 100.000 kroner. Søknadsfristen er 15. juni.

Seks unge fekk 50.000 kroner kvar i 2013. Ei av dei var (då) 28 år gamle Julia Bache-Wiig frå Eivindvik i Gulen, som har satsa ambisiøst, seriøst og langsiktig innan eit fag som ofte blir skildra som eit av verdas vanskelegaste å lukkast i – og klart det: Gjennom tallrike gnistrande rolletolkningar innan både film og teater, har ho

etablert seg som ei av landets mest allsidige og interessante skodespelarar. Ho fortel at stipendet skal nyttast til kurs i «method acting» på Lee Strasberg Institute i New York.



Foto: Carl Christian Lein Størmer.

Breiddegåver som fundament

Breiddegåver til organisasjonslivet i Sogn og Fjordane utgjer «grunnmuren» i Sparebankstiftinga sin gåvestrategi. Gjennom gåvemidlane utløyer stiftinga uvurderleg verdiskaping gjennom tusenvis av dugnadstimar over heile fylket, som ofte er sjølve hjørnestenen i organisasjons- og kulturtilbodet på mindre stader.

Breiddegåvene handlar like mykje om verdsetjing av denne enorme dugnadsinnsatsen som om pengesummane. Sjølv små kronesummar kan difor utløse den mangedoble verdien i dugnadsinnsats, om eit lokalt lag vert inspirert og motivert av den vørdrnaden som gåvene speglar.

Jølster treningssenter kan representere dei mange døma på slike gåver: våren 2013 fekk dei 50.000 kroner til eit treningssenter på Skei. Etter hundrevis av dugnadstimar opna senteret i oktober, og 99 medlemsskap vart teikna første dag, og etter ei vike var medlemstalet oppe i 173 – på ein stad med 424 fastbuande...



Foto: Kim Ronny Lykkebø.

Gjennom stiftinga sin gåvestrategi har stiftinga prioritert følgjande tiltak:

- Prosjekt og organisasjonar som arbeider for og med barn og ungdom.
- Prosjekt og organisasjonar drive av frivillige.
- Tiltak og investeringar med langvarig verdi og nytte for lokalsamfunnet skal prioriterast framfor kortvarige aktivitetar, arrangement og prosjekt.
- Lokalt forankra prosjekt skal prioriterast framfor større, fylkesdekkande prosjekt i situasjonar der vi har avgrensa midlar til fordeling.
- Prosjekt og organisasjonar som har klare visjonar og tankar bak sine tiltak.

Det vert ikkje gjeve støtte til:

- Politiske parti eller føremål som kan utnyttast i politisk samanheng.
- Næringsverksemeld eller prosjekt i regi av kommersielle selskap der det ikkje er tydleg avklara korleis selskapet handterer eit eventuelt overskot av prosjektet, eller der det er uklårt om det ligg kommersielle interesser bak.
- Typiske offentlege oppgåver.
- Lukka medlemsorganisasjonar.
- Religionsutøving.
- Prosjekt som er påbegynt eller fullført før søknadsfristen.

Søknader om rein driftsstøtte (lønn, husleige og andre driftskostnadar) vil normalt verte prioritert etter søknader om tiltak og investeringar med langvarig verdi og nytte for lokalsamfunnet.

Søkarar som av ulike grunner ønskjer å halde søknaden sin utanfor ålmenta, skal respekterast. Alle tildelte beløp er likevel offentlege.

Avslag på gåvesøknader vil ikkje bli grunngjeve. Søknadsskjema og søknadsfristar blir kunngjort på stiftinga sine heimesider.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane deler ut gåvemidlar på bakgrunn av utbyte frå Sparebanken Sogn og Fjordane sitt årsresultat for 2013. Endeleg vedtak om utbyte vert gjort av forstandarskapet i møte den 13.03. 2014. Generalforsamlinga i stiftinga vedtek kor stor del av dette utbyttet som skal delast ut som gåver.